



MOLVIK GARD  
Molvikavegen 530  
5993 OSTEREIDET  
Att. Leif-Helge Molvik

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

## Tilsegn om tilskot til tiltak for ville pollinerande insekt- Pollinator-eldorado i Molvik

---

**Molvik gard får tilskot for å legge til rette for ville pollinerande insekt. Tilskotet på 10.000 kroner vert utbetalt til dykkar konto på grunnlag av motteken rapport. Det er knytt vilkår til tilskotet.**

---

### Innleiing

Vi viser til din søknad om å legge til rette for ville pollinerande insekt på Molvik gard. De vil rydde unna busker og kratt for å få fram gammal slåttemark med gamle lokale blomsterartar. Området har aldri vore sprøytta eller gjødsla med kunstgjødsla så der fins mange blomsterarter som er typiske for slåtteeing på Vestlandet. Området vil bli slått etter blomstring slik at blomstrane får sett frø til neste år.

Det er ein del selje og hassel i kantsona og den vil de la stå mens gran og furu blir tatt vekk slik at det kjem meir lys til området. Gamle stubbar og kvisthaugar kan bli til flotte bustadar for insekt, og med elva like ved så trur de at dette kan bli 2 flotte dekar på garden, med rikt dyreliv.

Alver kommune er ein del av Nordhordland biosfæreområde, og garden er med der med ei aktivitetsløype og opplæringsiltak for barn og unge på garden.

### Om ordninga

Vi forvaltar tilskot som skal medverke til å sikre eller betre leveområda for ville pollinerande insekt.

Vi kan gje tilskot til:

- Restaurering av leveområde
- Skjøtsel
- Etablering av leveområde, til dømes areal for yngling, matsøk og skjul
- Fjerning av framande organismar
- Tilpassa driftsform i jordbruket
- Informasjon

Konkrete (skjøtsels)iltak i felt og tiltak som tar i vare trua natur har høg prioritet. Det same gjeld tiltak som medverkar til etablering eller skjøtsel av areal med førekomst av mange raudlista arter, og



tiltak for pollinatorar i naturtypar som er klassifiserte som truga på Norsk raudliste for naturtypar 2018.

Tilskotsmidlar kan også nyttast til tiltak som gjeld andre artar og naturtypar enn dei som er trua. Dette gjeld særleg søknader som fangar opp andre viktige areal og/eller vil betre leveområda for mange artar innanfor artsgruppa.

Når forvaltninga tildeler tilskot gjeld prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 som retningsliner ved avgjerda, Vurderinga av miljørettsprinsippa skal kome fram i grunngjevinga.

### Vår vurdering

Statsforvaltaren har motteke søknadar om tilskot til tiltak for trua artar med samla søknadssum langt større enn midlane vi har til rådvelde. Vi har difor vore nøydde til å prioritere.

Vi har tru på at tiltaka de skildrar vil vere gode tiltak for å legge til rette for ville pollinerande insekt. Sidan de også driv med opplæringstiltak i samband med biosfæreområdet håper vi også at kunnskap om temaet vil kunne nå ut til mange. Dette er svært positivt. Vi ønskjer derfor å støtte tiltaket.

Vår vurdering er at tiltaket bidreg til å ta vare på pollinerande insekt og berre vil ha positive verknader for naturmangfaldet. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova § 8 -12 treng difor ikkje nærare kommentar.

### Tilsegn

Molvik gard får tilsegn om kr 10.000 for tiltak på garden. Beløpet vil bli utbetalt på bakgrunn av innlevert sluttrapport.

### Vilkår

- Sluttrapport skal leggjast inn i elektronisk søknadssenteret innan 1. oktober inneverande år.
- Dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal ta vare på bilag i minst fem år etter avslutting av rekneskapsåret.
- Riksrevisjonen og Statsforvaltaren har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert nytta i samsvar med føresetnadane.
- Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom tiltaket ikkje er gjennomført etter føresetnadane i søknaden.

### Klage

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Du har rett til å gjere deg kjend med dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og 19.

Med helsing

Johannes Anonby  
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG